

# Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL

## Retningslinjer for prioritering av søknadar om tilskot i Aukra kommune 2024-2027

### 1. Bakgrunn

Over jordbruksavtalen er det satt av egne investeringsmidlar til særskilte tiltak i landbrukets kulturlandskap. Midla vert fordelt fylkesvis og kvar kommune får tildelt ei ramme av statsforvaltaren på bakgrunn av storleik på landbrukskommunen og innmeldt behov. Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift. Det er først og fremst tiltak som krev ekstra innsats utover det, og som er forbundet med særskilte kostnader som er rettkommen tilskot. I samarbeid med fagлага og statsforvaltaren skal kommunen lage ei lokal målsetting for kva tiltak som skal prioriterast. Plana skal gå over 4 år og byggje på regionalt miljøprogram og forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 4 februar 2004. Formannskapet har behandlet saken i møte 04.03.2024. Kommunestyret har behandlet saken i møte 14.03.2024.

### 2. Organisering av arbeidet med retningslinene

Kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer som beskriv miljøutfordringar og prioritering av søknadar, men som ikkje innskrenkar eller utvidar forskrifta sine formål, verkeområde eller vilkår. Difor har Aukra kommune administrativt utarbeid eit forslag til reviderte retningslinjer for forvaltning av SMIL-ordninga.

Forslaget skal ut på høyring til landbruksprodusentar i Aukra kommune og landbruksavdelinga ved Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

### 3. Kven kan søke

Aukra kommune vil prioritere søkarar som fyller kriteria for støtte etter den generelle forskrifta om produksjons- og avløyartilskot i jordbruket. Eigar av landbrukseigedom kan òg være aktuell om arealet er utleidd og blir drive av eit føretak som er rettkommen tilskot. Dersom søkaren ikkje eig landbrukseigedommen som tiltaket skal gjennomførast på, må søkar ha skriftleg samtykke frå eigar om å gjennomføre arbeidet. Organisasjonsnummeret skal stå på søknadsskjemaet. Kravet gjeld òg lag og organisasjonar. Det blir ikkje gjeve tilskot til landbrukseigedommar eigd av stat, statsforvaltar eller kommune.

### 4. Kort om dei ulike tiltakstypene

#### 4.1 Tilretteleggingsprosjekt

For ein meir heilskapleg og samordna miljøinnsats og for å medverke til prosessar som sikrar brei involvering og forankring i arbeid med særskilte miljøtiltak, kan det bli gjeve tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Formålet med slike prosjekt er å legge forholda til rette for større heilskaplege miljøprosjekt over større områder, for eksempel knytt til eit vassdrag eller ei grend.

#### 4.2 Kulturlandskap

Det kan bli gjeve tilskot til kulturlandskapstiltak som gjennom istandsetting, skjøtsel, og vedlikehald varetek natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap.

Tilskotet skal medverke til å:

- Ta i vare og utvikle jordbrukets kulturlandskap
- Ta i vare variasjon i jordbrukets verdifulle kulturlandskap
- Ta i vare og skjømte biologisk verdifulle areal i jordbruket
- Betre status for trua artar i jordbruket
- Auke bruk og vern av jordbruket sine genetiske ressursar
- Betre tilstanden på kulturminne og kulturmiljø i jordbruket
- Betre allmenn tilgang til jordbrukslandskapet

Det kan som eksempel gjevast tilskot til:

- Rydding og skjøtsel av kulturlandskap som står i fare for eller er attgrodd.
- Betre levemiljø for sårbare artar i kulturlandskapet, i vegetasjonssonar, damanlegg, bekkefar, våtmarksområde med meir.
- Rydding kring, og restaurering av kulturminne og verneverdige bygningar for å gjere dei meir synlege for folk.
- Legge til rette for allmenn ferdsel gjennom kulturlandskapet, for eksempel ved etablering av stiar.

#### 4.3 Forureiningstiltak

Det kan bli innvilga tilskot til å gjennomføre tiltak som bidreg til å mindre forureining, eller risiko for forureining, frå jordbruket. Det kan omfatte tiltak som minkar erosjon og tap av jord, næringsstoff og plantevernemiddel. Det kan og omfatte tiltak som reduserer forureinande utslepp til luft.

Det kan som eksempel gjevast tilskot til:

- Opne attgrodde bytekanalar
- Utbetre og supplere hydrotekniske anlegg
- Fangdammar
- Opne opp att bekkelukkingar

Hensikta med slike tiltak er å minke risiko for erosjon og avrenning av næringsstoff. Behov for utbetring av hydrotekniske anlegg kan skuldast både skade på anlegg og underdimensjonering med klimaendringar med meir.

Tiltak kan gjennomførast på jordbruksareal og/eller i vassløp. Vanleg grøfting og drenering av jordbruksareal fell utanfor formålet til forskrifta. Slike tiltak kan vurderast innfor ordninga «Drenering av jordbruksjord»

Ved prioritering av tiltak må det takast omsyn til behov for tiltak og forventa effekt.

## 5. Utfordringar i Aukra kommune

Aukra kommunen har store naturforskjellar mellom øyane Orta og Gossen til fastlandet Julsundet. Dei viktigaste naturtypene i kulturlandskapet i Aukra er naturbeitemarker og attverande beita kystlyngheier. Det som var av slåtteeing er langt komen i attgroing. På Gossen er det låglandsmyr og aust i fjellet på Julsundet finnast rikmyr. Mykje myr på Gossen er dyrka eller kanalisert. For naturmangfald er edellauvskog både på Gossen og i Julsundet viktig og særleg hasselskog med kusymre er ein kystbunden naturtype med Gossen i ei særstilling.

Felles for kommunen er utfordringa med attgroing. Når bruka blir større og driv meir intensivt blir dei største flatene prioritert medan små, ukurante teigar blir nedprioritert. Det er fleire teigar i kommunen som ikkje blir hausta. Desse areala står nå i fare for å gro att og det er viktig å setje inn tiltak for å motvirke utviklinga. Det blir ikkje gjeve tilskot til å gjerde inn eksisterande fulldyrka areal, innmarksbeite eller skog. For å kunne gje tilskot til gjerding må arealet kunne sjåast på gamle ØK-raster eller flybilete.

Dei siste åra har nedbørmengda auka og det har blitt meir utfordring med at overflatevatnet ikkje har utløp. Å få fjerna overflatevatnet er viktig for betre jordkvalitet og hindre avrenning. Fokus på miljø og klima aukar kvart år både nasjonalt og internasjonalt. Det blir stilt stadig nye og høge krav om å minske klimaavtrykket frå landbruket. Å utbetre eller supplere hydrotekniske anlegg er blant aktuelle forureiningstiltak i Aukra kommune som bør ha høg prioritet.

Det har vore nokså lite interesse for tilskot til tiltak som minskar risiko for forureining. Det må rettast større fokus på moglegheitene for støtte og tiltaka bør ha høg prioritet og særleg tiltak som omfattar fleire drivarar eller større områder i kommunen.

Tiltak som omhandlar kulturmiljø og kulturminne i skog og utmark fell utanfor ordninga med mindre det er kulturminne knytt til jordbruksdrift. Tiltak som er i strid med aktuelle lovar og planvedtak vil ikkje få løyvd tilskot.

For område og objekt som er verna etter kulturminnelova er det ein føresetnad at tiltaket blir planlagt og godkjent i samråd med regional kulturminneforvaltning. For område som er verna etter naturmangfaldlova er det ein føresetnad at tiltaket blir planlagt og godkjent i samråd med statsforvaltaren si miljøvernaving. Tilsvarende gjeld i område der det er forslag på vern eller der det er sett i gang arbeid med vern etter kulturminnelova eller naturmangfaldlova.

Nofence blir stadig meir nytta på beitedyr. SMIL-rundskriv 2017-13 seier at det normalt ikkje skal løyvast tilskot til innkjøp av maskiner eller anna laust teknisk utstyr. Me trur teknologien er komen for å bli og opnar opp for å beite område kor det er vanskeleg å sette opp fast gjerde. Føresetning for å løyve tilskot til Nofence er at området det blir søkt på er knytt opp mot gamal kulturmark eller kystlynghei som fell inn under SMIL-ordninga. Det blir i tillegg vurdert kor vidt området er enkelt å gjerde inn eller ikkje.

## 6 Prioriteringar mellom tiltaksgruppene

På bakgrunn av skildring i kapittel 5 vil Aukra kommune i perioden 2024 – 2027 prioritere søknadar om tilskot på følgjande måte:

1. Planleggings- og tilretteleggingstiltak
2. Forureiningstiltak
3. Kulturlandskapstiltak

## 6.1 Overordna prioriteringar

1. Aukra kommune prioriterer tiltak mot forureining høgast. Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, tiltak for å hindre eller minske avrenning frå rundballar eller andre tiltak som hindrar forureining frå landbruket. Fellestiltak blir prioritert framføre enkelttiltak.
2. Kystlynghei er en naturtype som er viktig for det biologiske mangfaldet i kyststrøka. Kystlynghei har høg prioritet ved tildeling.
3. Andre område med biologisk stor verdi sett saman som fellestiltak blir prioritert.
4. Det kan løyvast tilskot til verneverdige bygningar, men tiltaka blir berre prioritert om det er få søkarar i søknadsåret.

## 6.2 Søkarar

Innafor kvar tiltakskategori vil søkarar bli prioritert slik:

1. Søknadar om samarbeidsprosjekt, der søkar er aktiv gardbrukar. Fellestiltak som involverer fleire grunneigarar vil kunne ha stor effekt og skape positive ringverknadar i lokalsamfunn.
2. Søkar er aktiv gardbrukar.
3. Andre føretak som oppfyller vilkåra i §3 i SMIL – forskrifta.

## 7. Utrekning av tilskot

Løyving av tilskot gjerast på bakgrunn av eit godkjend kostnadsoverslag. I SMIL- forskrifta er det fastsett rettleiande satsar. Kjem det inn mange søknadar kan det vurderast å setje lågare satsar. Ved spesielle prosjekt kan kommunen vurdere å auke satsane opp mot den maksimale i forskrifta som er 100% av godkjend kostnadsoverslag. Aukra kommune har desse satsane:

- Tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, opp til 70 %
- Forureiningstiltak, opp til 70 %
- Kulturlandskapstiltak, opp til 50 %

### 7.1 Detaljert utrekning av tilskot

- For rydding og inngjerding kan det godtgjerast for inntil 15 timar arbeid per dekar for rydding av kratt og lauvskog. Rettleiande kostnad til inngjerding (material og arbeid) ligg på mellom 100 og 150 kroner/meter gjerde, avhengig av terreng.
- Ved løyve til innkjøp av Nofence-klavar er årsabonnement ikkje inkludert. Det blir i tillegg satt vilkår om til føretaket skal bruke klavane til å beite området det er søkt på i minst 3 år. Det er ikkje lov å selje klavane før den 3-årige beiteperioda er gjennomført.

### 7.2 Grunnlag for eigeninnsats

Aukra kommune vel å bruke same timesats som Innovasjon Norge. Etter alt å døme vil satsen på eige arbeid auke etter kostnadsveksten som har vore, og me opnar for at om timesatsane til Innovasjon Norge aukar vil desse bli brukt for utrekning av tilskot.

Gjeldande satsar:

- Eige arbeid: opp til 350 kroner/timen
- Eige arbeid med motorsag e.l. utstyr: 400 kroner/timen
- Eige arbeid med traktor eller gravemaskin: 800 kr/timen.

## 8. Søknad og søknadsfrist

Nytt søknadsskjema utarbeid av landbruksdirektoratet. Der finn ein meir informasjon om ordninga.

Søknadsfrist er 1. april.

Etter fristen vil søknadar bli prioritert ut frå kor mykje midlar som er att.

Opplysningar som kan vere aktuelt å leggje ved søknaden:

- Kart som viser kvar tiltaket skal gjennomførast.
- Bilete eller teikningar som viser arealet, bygningar, bygningsmiljø og/eller objekt som det søkast tilskot til. Merk at dette er før tiltaket setjast i verk.
- For bygningar trengs eit kostnadsoverslag frå bygningskyndig, skildring av bygninga og eventuell bygningskade, dagens og framtidig bruk, samt eventuell omtale av verneverdi.
- For hydrotekniske tiltak trengs kostnadsoverslag frå entreprenør og skildring av dagens tilstand og om arbeid som er gjort.
- Skriftleg godkjenning eller avtale frå eigar av landbrukseigedom dersom det er ein annan enn søker.
- Skriftleg avtale om gjennomføring av fellestiltak.
- Skriftleg godkjenning frå naboar det vedkjem før tiltak setjast i verk.

Merk at det kan settast eigne vilkår ved løyving av tilskot til det enkelte prosjektet og tiltaket.

Kostnad til planlegging kan inngå i kostnadsoverslag. Slik kostnad må kunne dokumenterast.

## 10. Utbetaling

Inntil 75 % av løyvd tilskot kan utbetalast etter kvart som tiltakshavar har dokumentert utgifter til godkjent tiltak. Utbetaling skjer etter anmodning til kommunen. Minst 25 % av tilskot vert halde att inntil tiltaket er slutført, naudsyn dokumentasjon og sluttrapport er godkjent jamfør rundskriv 2021/18 og kapittel 6 om søknad og dokumentasjon.

Sluttrapport bør som eit minimum innehalde:

- Skildring av resultatet av tiltaket og korleis det vart gjennomført, samt skildring av eventuelle avvik frå det som vart opplyst i søknaden og krav i vedtaksbrev.
- Rekneskap for tiltaket, inkludert inntekter og kostnader. Opplysningar om finansiering frå andre kjelder skal førast opp. Rekneskap skal førast slik at det kan bli samanlikna med kostnadsoverslag og finansieringsplan som låg til grunn for søknaden.

# Tiltak i beiteområde

## Retningslinjer for prioritering av søknadar om tilskot i Aukra kommune 2024-2027

### 1. Bakgrunn

Over jordbruksavtalen er det avsett midlar til tiltak i beiteområde. Forvaltninga av ordninga vart overført frå statsforvaltar til kommunane den 01.01.2020 jamfør Forskrift om endring av Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde av 03.10.2017. Kommunane skal fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Formål med tilskot er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, minske tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Aukra kommune har ikkje motteke midlar til ordninga dei siste åra, men er likevel pålagt å ha retningslinjer om kommunen skulle mota ein søknad. Forslaget skal ut på høyring til landbruksprodusentar i Aukra kommune og landbruksavdelinga ved Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

### 2. Kven kan søke

Lag, foreiningar og føretak som driv næringsmessig beitedrift kan søke. Enkeltføretak kan søke når det på grunn av naturgitte eller driftsmessige vilkår ikkje ligg til rette for samarbeid.

Stat, fylke eller kommune kan ikkje få tilskot med mindre det søkast gjennom lag eller foreining der ein eller fleire eigedommar som har rett på tilskot er med.

### 3. Kva kan det løyvast tilskot til

Ulike typar faste og mobile investeringstiltak kan som eksempel vere:

- Sperregjerde
- Ferist
- Bru
- Gjetarhytte
- Sanke- og skilleanlegg
- Anlegg/rydding/utbetring av driftsveg
- Saltsteinautomat
- Transportramme
- Elektronisk overvakingsutstyr
- Elektronisk gjerde

Investeringstiltak på elektronisk overvakingsutstyr og elektronisk gjerde dekkjer ikkje den årlege kostnaden og har ei avgrensing på opp til 50 % av dyretalet i buskapen

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeite for god og effektiv beitebruk. Dette kan blant anna vere:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområder
- Prosjektrettet arbeid for å stimulere til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk.
- Utarbeide planer (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan med fleire) for utmarksbeite
- Vegetasjonskartlegging

#### 4. Prioritering mellom tiltaksgruppene

Kommunens forslag til prioritering av type søknadar:

1. Søknadar frå beitelag er prioritert før søknadar frå enkeltpersonføretak.
2. Fellestiltak er prioritert før enkelttiltak
3. Første prioritering: Sanke – og skillegjerde, sperregjerde, ferister samt bruer
4. Andre prioritering: Driftsvegar, saltsteinautomatar, gjetarhytter og elektronisk overvakingsutstyr.

Kommunen skal fastsette tilskotsandel i kvar enkeltsak, innanfor dei rammene som er i forskrifta og §3. Vidare retningsliner for del av tilskot til ulike typar tiltak skal vurderast av kommunen ut frå kva som er mest formålstenleg tiltak ut frå regionale og lokale forhold.

#### 5. Faste og mobile investeringstiltak

Tiltak	Ramme i forskrift § 3, kan gje tilskot på opp til	Kommunale prioriteringar
Sperregjerde	50 %	50 %
Ferist	50 %	50 %
Bru	50 %	50 %
Gjetarhytte	50 %	20 %
Sanke- og skilleanlegg	50 %	50 %
Anlegg/rydding/utbetring av driftsveg	50 %	40 %
Saltsteinautomat	50 %	0 %
Transportramme	50%	50 %
Elektronisk overvakingsutstyr	70 %	50 %
Elektronisk gjerde	70 %	50 %

## 6. Planlegging og tilretteleggingsprosjekt

<b>Tiltak</b>	<b>Ramme i forskrift § 3, kan gje tilskot på opp til</b>	<b>Kommunale prioriteringar</b>
Planlegging og prosjektering av faste installasjonar	70 %	70 %
Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområder	70 %	70 %
Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita	70 %	70 %
Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og godt beitebruk	70 %	50 %
Utarbeiding av planer (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan med fleire) for utmarksbeite	70 %	70 %
Vegetasjonskartlegging	70 %	70 %

## 7. Søknad

Søknad sendast elektronisk via Altinn. Søknaden sendast til kommunen som blir påverka av tiltaket. Skulle tiltaket verke inn på fleire kommunar skal søknaden gå til kommunen tiltaket har størst innverknad på.

En søknad bør innehalde:

- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan

Kostnadsoverslag for faste installasjonar vil normalt omfatte materialkostnadar og arbeidskostnadar. Når det gjeld elektronisk overvakingsutstyr vil godkjend kostnadsoverslag i dei fleste tilfelle vere lik innkjøpspris. For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan kostnadsoverslag omfatte andre kostnadar som for eksempel lønnskostnadar og kjøp av tenester.

Frist for gjennomføring av sjølve tiltaket er 3 år frå tilskot vert innvilga. Dokumentasjon for fullført tiltak kan sendes inn etter fristen på 3 år, men innan 2 månader etter fristen.